



| Utvallssak nr. | Utval                    | Møtedato |
|----------------|--------------------------|----------|
| 149/00         | Næring- og miljøkomiteen | 29.11.00 |
| 269/00         | Kommunestyret            | 14.12.00 |

## Revisjon av forskrift for vass- og kloakkgebyr for Lindås kommune

Saksdokument vedlagt:

1. Eksisterande Forskrift for Lindås kommune, med forslag til endringar.

### Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av kommunestyret.

Miljøverndepartementet har utarbeidd ny Forskrift om kommunale vann- og avløpsgebyr, som vert gjort gjeldande frå 1.jan.2001. Grunnlaget for forskrifta er framleis "Lov om kommunale vann- og kloakkgebyr, frå 31.05.1974, med endringar ved lov av 26.06.1992.

Bakgrunnen til den nye forskrifta er press frå forskjellige grupper i samfunnet, for eksempel huseigarforbund, forbrukerråd, m.fl. Samstundes har Dep. med forskrifta gjeve kommunane litt meir friheit til for eksempel ha ulike gebyrsatsar for ulike vassverk i kommunen.

Det overordna er likevel at gebyra skal speila dei faktiske kostnadene det er for kommunen å byggja og driva anlegga.

For Lindås kommune sitt vedkomande er det mindre endringar som må gjerast i høve gjeldane forskrift. Dette for at ikkje det skal vera motsetningar i høve den nye forskrifta og forskrifta for Lindås kommune.

Endringane: Den nye forskrifta gjev kommunen høve til å to-dela gebyra, med ein fast del (dei faste kostnadene), og ein variabel del (variable kostnader). For Lindås kommune er dette etter rådmannen sitt skjønn lite aktuelt av di dei faste kostnadene utgjer over 90% av gebyra, og at den variable del utgjer ein svært liten del av gebyra for abonnenten.

Den nye forskrifta gjev også ein vanleg husabonnet høve til å få betala gebyrstorleik etter målt forbruk. Dette må vi endra til i eksisterande forskrift. For øvrig må i tilfelle abonnenten sjølv kosta montering av vassmålar.

Kommunen bør ikkje lengre benytta minimumsgebyr. Gebyra skal vera basert på m<sup>2</sup>, også ut frå det stipulerte forbruket, for eksempel for bustadhus.

Kommunen kan påleggja ei slags tilknytingsavgift ved installasjon av sprinkleranlegg, slik at kommunen sine eventuelle ekstrakostnader med nok vatn til det føremålet, kan dekkast.

Rådmannen vil tilrå at Lindås kommune sine Forskrifter vert endra i tråd med den nye forskrifta, sjå eige ark med endringane, men at ein held på eksisterande "mønster" i forskriftene ved ein type gebyr, (ikkje delt modell) der m<sup>3</sup>-pris og kjem fram frå stipulert forbruk i høve areal, og totale kostnader innafor h.h.v. vatn og kloakk.

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Forskrifter for vass- og kloakkgebyr for Lindås kommune vert endra i tråd med den nye forskrifta, T-1344 frå Miljøverndepartementet, gjeldande frå 1.januar 2001, og endringsframlegga synt i vedlegg.

#### **Handsaming i Næring- og miljøkomiteen - 29.11.2000:**

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **Innstilling i Næring- og miljøkomiteen - 29.11.2000:**

Forskrifter for vass- og kloakkgebyr for Lindås kommune vert endra i tråd med den nye forskrifta, T-1344 frå Miljøverndepartementet, gjeldande frå 1.januar 2001, og endringsframlegga synt i vedlegg.

#### **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2000:**

Samrøystes for innstillinga i Næring og miljøkomiteen.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2000:**

Forskrifter for vass- og kloakkgebyr for Lindås kommune vert endra i tråd med den nye forskrifta, T-1344 frå Miljøverndepartementet, gjeldande frå 1.januar 2001, og endringsframlegga synt i vedlegg.

Rett utskrift,02.01.01



Inger-Marie Nordland  
sekretær

## Nye forskrifter for vass-og kloakkgebyr for Lindås kommune, gjeldande frå 01.01.2001.

### 5 Restriksjonar på vassleveransar o.l.

Restriksjonar på vassforbruket, eller kortare avbrot i leveranse av vatn, eller mottak av kloakk Gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Kommunen kan heller ikkje vera ansvarleg for ev.tap i produksjon eller omsetning, i samband med slike avbrot, eller ved skade-og reparasjon av skade på VA-nettet.

### 6 Utrekning av areal:

Tilknytingsgebyret vert basert på arealet på bygget, og brutto areal skal leggjast til grunn. (Gjeld alle typar bygg, også mellombelse som plasthallar, brakker, o.l.

Ved seinare utviding av eksisterande bygg, skal samla brutto areal leggjast til grunn for *gebyrsatsen* på det utvida arealet.

7

### Tilknytingsgebyr:

7.1 Tilknytingsgebyr for vatn og / eller kloakk skal betalast:

-Ved nybygg eller utviding av eksisterande bygg dersom utvidinga er større enn 25 m<sup>2</sup> (gjeld ikkje bustadbygg, som har m<sup>2</sup>-trinn, sjå pkt.7.2.1)

-Når eigedom det står hus på vert tilknytt kommunal vass-og/eller kloakkleidning.

7.2.1. Arealgrenser for bustadhus, fritidshus, og bueinheiter:

A: Under 90 m<sup>2</sup> B mellom 90-og 300 m<sup>2</sup>, og C : Over 300 m<sup>2</sup>.

Brutto areal skal leggjast til grunn. Likeeins skal kjellarareal med takhøgde over 2,19m reknast med . For loftsetasje skal areal som kan nyttast som opphaldsrom, og reknast med.

7.2.2: Endring til:.....som to husvære over 90 m<sup>2</sup>. Nytt pkt 7.2.3:

7.2.3: For bygg med installert /skal installera,-sprinkleranlegg, kan kommunen påleggja ei ”tilkn.avg.” slik at kommunen sine event. kostnader med nok vatn til det føremålet, kan dekkast. Det vert då å setja opp særleg avtale for dette.

Ellers ingen endringar under kap.7.

### 8 Årsgebyr:

8.1 , 8,2, er uforandra. Pkt 8.3 tillegg til første avsnitt: ....m<sup>3</sup>-pris og målarleiga.

Andre avsnitt, uforandra. Tredje avsnitt: Går ut!

8.4: For eigedomar som betalar gebyr etter stipulert forbruk, skal desse mengdene leggjast til grunn: Under 90 m<sup>2</sup>: 125m<sup>3</sup>/år Over 90 m<sup>2</sup>: 250m<sup>3</sup>/år. (Gjeld og bueinheiter i blokker, og husvære større enn 50 m<sup>2</sup>. for eksempel kjellarhusvære og hyblar.)

For installasjon og bruk av vassmålarar gjeld reglane i kap.11.

Andre og tredje avsnitta under pkt 4 går ut!

8.5: Uforandra. Det same gjeld kapitla 9 og 10.

### 11.Reglar for installasjon og bruk av vassmålarar.

11.1 Alle andre eigedomar-bygg enn bustad, fritidsbustad og bustadeinheiter, skal betala gebyr etter målt forbruk.

Desse,(bustad,fritidsb.....) kan likevel krevja å få betala etter målt forbruk, men må då sjølv ta kostnaden med kjøp og montering av vassmålararen.

Resten av kap. 11 vert uforandra, med unntak av pkt 11.2, 3. avsn. der det skal stå: ... for innkjøp... og 5. avsn. der det skal rettast til: Teknisk etat godkjenner .....

Ingen endringar i kap. 12, 13, og 14. Nytt kap. 15: Klageinstans. Klager på vedtak med heimel i Forskriftene, vert handsama etter regelverket i Forvaltningslova.

Kap. 16. Denne forskrifta skal gjelda frå 1. jan 2001, jmf kommunestyrevedtak \_\_\_\_\_